



Oppvarminga framfor skileiken i full gang i Fjellhaugen. (Foto: Steinar Haugland)

**Den første felles skileiken for dei tre gruppene vart arrangert i Fjellhaugen på onsdagskvelden og det møtte ca. 40 ungar pluss vaksne.**

Det var godt vinterver med nokre snøbyger og vindstille og det var komme 15. centimeter nysnø. Forholda var perfekte med fin snø og god preparering. Bålet var tent for dei som ville varme mat og seg sjølve. Skileiken starta med felles oppvarming til musikk og ulike leikar på ski. Etter oppvarminga kunne ungane fritt gå rundt på ulike stasjonar.

Aktivitetane var desse: Hopp, slalåm, fleire ulike løyper med portar og hinder, løype der ein skulle køyra ned ein bakke og samtidig prøve å plukka opp snop og skiskyting der ein skulle kate ballar opp i bøtter og gå strafferunder.

Det var også eit lite skøytekurs for dei som ville lære seg meir teknikk.

Ungar og vaksne såg ut til å kosa seg og det var særleg stas kvar gong ein vaksen tapte kampen mot tyngdekrafta.

Det vert ny skileik kommande onsdag klokka 17.30

Av Steinar Haugland



40 var med i skileiken under perfekte forhold. (Foto: Steinar Haugland)